



Daniel Sygnowski  
Ievegen 189  
5917 ROSSLAND

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 20/10664 - 20/41193

Saksbehandlar:  
Per Sveinar Morsund  
per.sveinar.morsund@alver.kommune.n  
o

Dato:  
29.06.2020

## Tilbakemelding etter synfaring - gbnr 349/93 Rossland

Avdeling for Miljø og tilsyn var på synfaring på eigedom med gbnr 349/93 den 15.06.20.

Bakgrunnen for synfaringa var at kommunen hadde fått tilbakemelding på at huset og garasjen muligens er bygd større enn kva som går fram av gjeldande godkjenning.

På synfaringa målte kommunen opp avstandar på ytterveggar rundt huset og garasjen. Våre målingar viste at lengden på ytterveggane til huset er ca. 0,5 – 1 meter større en det som er godkjent. Garasjen ser ut til å være ca. 1,5 meter breiare enn det som går fram av teikningane.

### Endringa er søknadspliktig

Mindre endringar som ikkje er søknadspliktige kan rettast ved søknad om ferdigattest. I dette tilfellet er avviket så stort at det er søknadspliktig. Mellom anna vil endringa føre til at BYA/BRA og utnyttingsgrad på eigdommen vert endra. Dersom huset er bygd nærare vegen enn det som går fram av gjeldande dispensasjon må det også innhentast ny/revidert dispensasjon frå vegmynde. Miljø og tilsyn meiner endringa kan handsamast som ein endringssøknad i pågåande byggesak.

### Kva må du gjere

Det må sendast inn søknad om endring av løyve i byggesak med saknr. 20/35. Dersom søknaden ikkje vert godkjent må bygga endrast slik at dei er i tråd med løyvet. Vi gjer merksam på at det ikkje vil bli gitt ferdigattest før forholdet er retta, enten ved nytt løyve eller ved endring i bygg slik at dei er i tråd med allereie gjeven løyve. Vidare bygging i påvente av godkjenning skjer for tiltakshavars eigen risiko.

### Frist

De må sendast inn endringssøknad, eller bygget må endrast til å vere i tråd med allereie gjeven løyve **innan 31.08.20.**

Med vennleg helsing

Alver kommune, Miljø og tilsyn

Per Sveinar Morsund  
Rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**

Daniel Sygnowski  
Skala Rådgivende Ingeniører AS

levegen 189  
Damsgårdsveien 131

5917 ROSSLAND  
5160 LAKSEVÅG